

Budsjettforslag frå Øygarden senterparti

| | Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak | Endringsforslag | | |
|----|--|--|---------|--------|
| 1. | Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til driftsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 slik det ligg føre. | Med følgjande endringar: | | |
| | | Konto / avdeling /prosjekt | Inntekt | Utgift |
| | | Oppvekst: | | |
| | | <u>Blomvåg skule:</u> Øygarden kommune har fått ei auke i frie midlar frå statsbudsjettet på 14,8 millionar. Av desse er 10,5 millionar berekna ut frå talet på grunnskular i kommunen. Intensjonen frå regjeringa er at ein skal nytte desse pengane til å behalde grendaskulen og ivareta nærskuleprinsippet. Øygarden senterparti meiner det gir høve til å oppretthalde Blomvåg skule for framtida. | | 2350 |
| | | <u>Skålevik skule:</u> Etter dialog med FAU ved Skålevik skule er det tydeleg at ein er frustrert over forslaget om å flytte elevane til Ulveseth skule heilt utan ein plan for framtida. Øygarden senterparti meiner at dette tiltaket berre vil skape uro og være opprivande for dei elevane og familiane det gjeld. Innsparinga sett i forhold til den usikkerheita ein påfører eit stort tal innbyggjarar er ikkje forsvarleg og vi meiner at dei friske pengane frå dagens regjering er meint til å stoppe forslag som dette. Vi meiner at Skålevik- og Ulveseth skule skal bestå til ein har ein detaljert skulebruksplan på plass. | | 2500 |
| | | <u>Spesialpedagogar:</u> Vi treng spesialpedagogar i skulen. Samanlikna med andre kommunar brukar Øygarden eit større tal timar på spesialundervisning i skulen. Om ein skal få ned dette talet kan ein ikkje berre kutte stillingar i dette feltet. Korleis kan ein garantere at dette er forsvarleg når kommunen har elevar med vedtak som skal ha den tilrettelegginga dei har krav på? Vedtaka forsvinn ikkje berre fordi ein tar bort dei som tilbyr tilrettelegging. Her må ein gå meir systematisk til verks å kanskje sette av ei stilling i kommunen til å arbeide med dei borna som slit utan vedtak for å kanskje klare å hjelpe på eit tidlegare tidspunkt. Slik kan ein sakte men sikkert redusere talet på vedtak om spesialundervisning i skulen, og som eit resultat av dette på sikt redusere stillingar. Øygarden senterparti ynskje å oppretthalde dei tre stillingane på det spesialpedagogiske feltet i skulen. | | 2175 |
| | | <u>Makspris barnehage:</u> Reduksjon i makspris barnehage utgjer om lag 1,5 millionar i Øygarden kommune. Dette skal dekkast inn av auken i frie midlar frå regjeringa. | | 1500 |
| | | Helse og velferd: | | |
| | | <u>Heimebesøk:</u> Kommunedirektøren vil halde ei stilling innan pleie og velferd vakant gjennom året 2022. Noko som vil medføre at innbyggjarar over 75 år ikkje får tilbod om | | 741 |

| | | | |
|--|--|--|------|
| | <p>førebyggjande heimebesøk neste år. Dette er ikkje eit grep som støtter mål om å leggje til rette for at innbyggjarane skal bu heime så lenge som mogleg. Dette er ei viktig satsing for framtida og det er naudsynt med kontinuitet i dette arbeidet. Vi ynskjer å ha tilsette i denne stillinga for at alle dei som treng det skal få kartlagt sine behov også gjennom året 2022.</p> | | |
| | <p><u>Stilling som psykolog:</u> Øygarden kommune ligg høgt på statistikken for unge med psykiske vanskar. Øygarden Senterparti meiner bestemt det er viktig at menneske som opplever utfordringar med psykisk helse må bli sett og følgt opp så tidleg i sjukdomsløpet som råd. Det er svært viktig at ein stor kommune som Øygarden har beredskapen i orden på dette området, og kan stille med hjelp på eit tidleg stadiet og straks etter ein har bedt om hjelp. Dette tilbodet er ikkje tilstrekkeleg i dag, og det er naudsynt å sørge for rammer i budsjettet for 2 psykologar i kommunen.</p> | | 1500 |
| | <p><u>Rus og psykisk helse:</u> Øygarden Senterparti vil oppretthalde ein stilling innanfor området rus og psykisk helse. Dette er ei viktig satsing for kommunen. Å ha gode tenester som arbeider både med førebygging og oppfølging av dei som vert råka av rusproblematikk er særskilt viktig for å sørge for friske og rusfrie innbyggjarar som kan være i arbeid og bidra til samfunnet vårt.</p> | | 709 |
| | <p>Kultur og samfunn:</p> | | |
| | <p><u>Reinhold:</u> Kommunedirektøren skriv sjølv i sitt budsjettframlegg at ein vil legge vekt på kompetanseheving og eit godt arbeidsmiljø. Ein vil også være utviklingsorientert med tanke på reinholdsmetodar. Ein vil ved hjelp av smarte løysingar og godt utstyr gjere tungt arbeid lettare. Ved bruk av meir maskinelt arbeid kan ein i tillegg redusere kjemikaliebruken og samstundes auke kvaliteten på tenestene. Vi i Øygarden senterparti er einig i at dette er viktig både for reinholdet i kommunen og ikkje minst for dei tilsette som arbeider med reinhold kvar dag. Vi får ikkje denne målsettinga til å harmonere med det trekket som er lagt inn under «reduksjon av maskiner, utstyr reinhold». Vi ynskjer å reversere reduksjonen og med dette sikre ein betre arbeidskvardag for dei som driv med reinhold i kommunen. Dette vonar vi også vil føre til reduksjon i sjukefråvær og anna slitasje for dei tilsette.</p> | | 300 |
| | <p><u>Bibliotek:</u> I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg kan ein lese at kultureininga vil arbeide med ein utviklingsstrategi for biblioteka. Likevel så er det lagt inn eit innsparingstiltak for biblioteka i kommunen der ein ynskjer å flytte biblioteka på Rong og i Skogsvåg inn i innbyggjartorga og på den måten byggje ned biblioteka som eigen kulturarena. Dette minner ikkje om ein utviklingsstrategi. Øygarden Senterparti vil</p> | | 1635 |

| | | | | |
|----|--|---|-------|-------|
| | | styrke biblioteka og ser for seg ein utviklingsstrategi som utvidar biblioteket som samlingspunkt for innbyggjarane og styrker biblioteket si rolle som kulturarena og møteplass for innbyggjarane. Dette er spesielt viktig for Rong og Skogsvåg der kulturtilbodet ikkje er like variert som på Straume, med fleire private tilbydarar av kulturopplevingar. | | |
| | | <u>Vedlikehald av kommunale ute baner:</u> Viser til sak 118/21 i kommunestyret som vart sendt tilbake til utval for tenester og levekår. Punkt 4 i innstilling til vedtak seier at kommunen tek ansvar for vedlikehald av kommunale ute baner. Til dette arbeidet skal Eigedom, drift og vedlikehald prioritere ei stilling. I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett skal ein ha eit ned trekk på 3 stillingar. Dette vil gjere prioriteringa som er lagt opp til når det gjeld ute baner svært utfordrande. Øygarden senterparti vil oppretthalde ei stilling på Eigedom, drift og vedlikehald for at kommunen skal kunne ta dette ansvaret. Dette er viktig for ikkje å undergrave Øygardsmodellen. | | 740 |
| | | <u>Forebygge brann:</u> Med utgangspunkt i brannen våren 2021 meiner Øygarden senterparti at Øygarden kommune må starte arbeidet med førebygging av brann i utmarka. Det vert sett av midlar til å starte eit arbeid med ein langsiktig plan for brannforebyggjande arbeid. Dette arbeidet skal også inkludere landbruket og legge til rette for at lokale bønder kan søke om midlar til arbeid som forebygger brann. For å kunne ha beitedyr som held lyngheiene nede krev det infrastruktur i markane m.a. Kontrollert brenning av lyngheiene vil også vere naudsynt. Til dette arbeidet krevst det konkret kompetanse som kommunen må hente inn. | | 650 |
| | | | | |
| | | Auke i frie inntekter, statsbudsjettet | 14800 | |
| | | | | 14800 |
| 2. | Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 slik det ligg føre. | Med følgjande endringar: | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| 3. | Skatt til kommunen vert skrive ut med maksimalsatsane. | | | |
| 4. | Øygarden kommunestyre vedtar låneopptak til diverse investeringar med kr 80 mill i 2022. | | | |
| 5. | Øygarden kommunestyre vedtar låneopptak til vidareutlån (Startlån) med kr 85 mill i 2022. | | | |
| 6. | Med heimel i eigedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2022. For | | | |

| | | |
|-----|--|--|
| | <p>eigedomsskatteåret 2022 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c.</p> <p>Kommunen vil i 2022 skriva ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samhøve med overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2022 vera lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringseigedom.</p> <p>Kommunen vil i 2022 skriva ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blei rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 andre ledd.</p> <p>Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille for skatteobjekt i gamle Øygarden kommune, 7 promille for skatteobjekt i gamle Fjell kommune og 6 promille i gamle Sund kommune.</p> <p>Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2022, jfr. esktl § 10.</p> <p>Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar jfr esktl § 25 første ledd.</p> | |
| 7. | Gebyr og brukarbetaling, vedteke i eigen sak, vert gjort gjeldande for budsjett 2022. | |
| 8. | Tilskot til Øygarden brann og redning KF er på kr 31 142 000 for 2022. | |
| 9. | Tilskot til Øygarden bustadutvikling KF er på kr 1 800 000 for 2022. | |
| 10. | Tilskot til Øygarden næringsutvikling KF er på kr 3 500 000 for 2022. | |
| 11. | Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 29 773 000 for 2022. I tillegg vert reinhaldstenester | |

| | | |
|----|---|---|
| | (verdi kr 720 000) og rekneskapstenester (verdi kr 700 000) gjeve som tenesteyting. | |
| 12 | Kommunestyret vedtek budsjett for kontrollutvalet, kr 1 738 000 i tråd med framlegg frå kontrollutvalet. | |
| 13 | Kommunestyret vedtek å innføra betalt lunsjpause for tilsette i einingar der den reduserte arbeidstida ikkje må erstattast. Det er ein føresetnad at arbeidet vert organisert slik at oppgåveløysing og tenestetilbod ikkje vert svekka som følgje av ordninga. | |
| | | Verbalpunkt frå Øygarden senterparti |
| 14 | | Det er i kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett lagt inn 8 millionar til midlertidig brakkeløysing for å auke kapasiteten ved Fjell ungdomsskule. Denne tildelinga bør sjåast i samanheng med nedlegging av Bildøy barnehage. Bildøy barnehage ligg tett på Fjell ungdomsskule og kan nyttast til å auke kapasiteten ved skulen. Ein bør undersøke kva moglegheiter som ligg i dette bygget og om ein skulle bruke deler av desse pengane (8mill) på å legge til rette for undervisning i ungdomskulen. |
| 15 | | Menneske med funksjonsnedsetjing i Øygarden kommune treng ein eit betre fritidstilbod. Øygarden senterparti ynskjer at administrasjonen førebur ei sak til utval for tenester og levekår, der ein ser på korleis ein kan organisere dette på best mogleg vis. |
| 16 | | I kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett ligg det inne 2 millionar til møbler på Nav. Øygarden senterparti føreset at Nav går inn for ein sirkulærøkonomi i samband med innkjøp av møblar for å spare pengar for kommunen, og av omsyn til miljøet. |